Ove Eide

# DJUPNELÆRING OG DANNING
## - om grunnlaget for fornying av Kunnskapsløftet

Fornyinga av Kunnskapsløftet:

- Fagfornying (innhaldet i faga)
- Ny generell del: *Overordnet del – verdier og prinsipper* (høyringsutkast 10.3.17)
- *Stortingsmelding 28 (2015-2016) Fag – Fordypning - Forståelse*

= Høve til debatt om både faginnhald og overordna verdiar/mål for opplæringa

Fire faglege erfaringar:

- Språkhistorie, gymnaset 1970-åra
- Nykritisk nærlesing, 1980-1990-åra
- Retorikk, 2000-talet
- Filmkunnskap/ - analyse

*Stortingsmelding 28* har mange inngangar til fornyingsarbeidet:

Kap. 1.1. Høye ambisjoner (s. 5)

- «Kunnskap og kompetanse er nødvendige forutsetninger for å finne løsningene på dagens og fremtidens samfunnsutfordringer»
- Meistre eige liv i eit demokratisk og mangfaldig samfunn
- Gje alle mulegheit til å ta i bruk eigne evner og anlegg
- Legge grunnlaget for sosial mobilitet, demokratisk forståing og medverknad
- Utdanning som verkemiddel for sosial utjamning
- Kunnskap er det norske samfunnet si viktigaste konkurransekraft. Utdanningssystemet er «…myndighetenes viktigste virkemiddel for å påvirke kunnskapskapitalen»
- Gje den enkelte «de beste forutsetninger» for å utvikle verdiar, haldningar og kunnskapar som har betydning i relasjonar og samfunn.

Læreplanane skal **legge betre til rette for** djupnelæring

(*Strategi for fagfornyelsen*, s. 5):

«Dybdelæring betyr at eleven gradvis og over tid utvikler sin forståelse av begreper og sammenhenger innenfor et fag. Overflatelæring, som legger vekt på innlæring av faktakunnskap uten at kunnskapen settes i sammenheng, står i kontrast til dybdelæring. Elevenes læringsutbytte øker når de gjennom dybdelæring utvikler en helhetlig forståelse av fag og ser sammenhengen mellom fag, samt greier å anvende det de har lært, til å løse problemer og oppgaver i nye sammenhenger.» (St.m.28:14)

= Å lære noko grundig (fagleg). Krev tid til fordjuping

Djupnelæring ↔ Overflatelæring

Alternativt omgrepspar:

Djupnelæring - Breiddelæring

DANNING – eit omgrep som peikar mot ei heilskapsforståing av opplæringa, mot overordna mål / verdiar. (menneskesyn, kva samfunn vi vil ha, kva verdiar vi ønskjer skal prege samfunn/skule, kva kunnskap som må lærast etc)

Ein meiningshorisont / ei meiningsramme for opplæringa

Både prosess og mål – og NB: kan ikkje garanterast + har ikkje avslutning.

*Overordnet del – verdier og prinsipper:* Eit danningsdokument for fagfornyinga.

Skildrar eit forpliktande grunnsyn som skal prege og støtte det pedagogiske arbeidet

Utgangspunkt: Opplæringslovas formålsparagraf.

1. Opplæringens verdigrunnlag
   - Menneskeverd
   - Kultur, identitet og mangfold: gje historisk og kulturell forankring og innsikt, felles kulturelle referansar
   - Kritisk tenkning og etisk bevissthet
   - Skaperglede, engasjement og utforskertrang
   - Respekt for naturen og miljøbevissthet
   - Demokrati og medvirkning

## 2. Prinsipper for læring og utvikling

- Danning og helhetlig kompetanse:

  > «Grunnopplæringen har danning av hele mennesket som mål og skal gi elevene mulighet til å forstå seg selv og verden. Den skal gi hver og en mulighet til å utvikle sine evner og gi et grunnlag for å gjøre gode valg i livet. Barn og ungdom skal støttes i utviklingen av sin identitet gjennom møte med andre mennesker, kultur, historie, natur og samfunn»

- Sosial læring og utvikling. (Fagleg læring kan ikkje skiljast frå sosial læring)
- Kompetanse i fagene
- Grunnleggende ferdigheter
- Å lære å lære
- Tverrfaglige temaer: folkehelse og livsmestring/demokrati og medborgerskap/bærekraftig utvikling

3. Prinsipper for skolens praksis

- Tilrettelegging for den enkelte elev
- Et inkluderende læringsmiljø
- Profesjonsfellesskap og skoleutvikling

Sentralomgrepet i fagfornyinga er KOMPETANSE:

***Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner. Kompetanse innbærer forståelse og evne til refleksjon og kritisk tenkning.*** (Overordnet del, s.11)

Kompetanse betyr å kunne mestre utfordringer og løse oppgaver i ulike sammenhenger og omfatter både kognitiv, praktisk, sosial og emosjonell læring og utvikling, inkludert holdninger, verdier og etiske vurderinger. Kompetanse kan utvikles og læres og kommer til uttrykk gjennom hva personer gjør i ulike aktiviteter og situasjoner.

Kunnskaper, ferdigheter, holdninger og etiske vurderinger er forutsetninger for og deler av det å utvikle kompetanse. For å vise kompetanse å elevene ofte bruke ulike kunnskaper, ferdigheter og holdninger i sammenheng. (NOU 2015:8. Fremtidens skole)

Skulens mandat er meir enn kompetanse, som handlar om fagleg utbytte (St.m. s. 28)

«Det er (..) elevens faglige kompetanse som skal legges til grunn når den enkelte elevs kompetanse i fag skal vurderes. Det er et viktig prinsipp at skolen ikke formulerer individuelle mål for elevenes personlighet, holdninger eller preferanser.» (s. 24, Stm)

Den breie målsetjinga i skulens mandat er ikkje «målsettinger for den enkelte elev. Skolen skal som organisasjon  ivareta bredden i samfunnsmandatet og vurdere i hvilken grad man lykkes» (s.st.)

Samtidig: krav om samanheng mellom *Overordnet del* og fagplanane når undervisning skal planleggast. **Ei stor utfordring: feste verdiane frå *Overordnet del* i læreplanar og i praksis.**

I Stortingsmelding 28 og i Overordnet del:

Danning knytt til det breie samfunnsoppdraget, men generelt formulert – og ikkje noko sentralt omgrep i dokumenta.

Overordnet del → sterk verdiorientering, eit forpliktande grunnsyn som skal prege arbeidet i skulen (VERDILØFT). I innhald: viktig dannings-dokument, men: behov for prioritering/nivåfesting.

Kompetanse er eit **hovudomgrep**: fagleg, målbart, muleg å vurdere.

Omgrepet danning er i bakgrunnen.

Jon Hellesnes 1975:

Grunnleggande skilje mellom

**danning** og **tilpassing**

«Danninga si fremste oppgåve er å gje borna tiltru til deira eigen fornuft, mellom anna ved å vise dei at alle saker kan drøftast»

(Jon Hellesnes 1975)

Danning «er ein prosess der eitt element er viktigare enn andre, og det er å få tak i kva som er den dominerande tenkjemåten her og no, og så vurdere kva han duger til, og kva han ikkje duger til.»

(Jon Hellesnes 2005)

«Kunnskap er eit nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg vilkår for danning. Danning inneber evne til kritisk tenking. Men kritisk tenking utan relevant kunnskap er det same som synsing. Slikt inneber at ein mosjonerer fordommane sine. Gjennom mosjon blir fordommane sterkare.»

(Jon Hellesnes, 2012)

Jon Hellesnes: «Ein utdanna mann og eit danna menneske» (1969/2002)

«Det finst sprenglærd toskeskap, og det finst folkeleg visdom.»

«Eit samfunn som er i ferd med å eliminere danninga, er eit samfunn i ferd med å verte totalitært.»

«Danna er altså noko vi er i verda, ikkje noko vi er i ånda.»

«Eit menneske utan fortid (…) er ein levande dauding, eit menneske utan identitet.»

«Eit samfunn utan historie, er ikkje noko samfunn, men eit «livsbyråkrati» som vi administrerer våre liv ut frå…»

«Eg har vilja få fram at dialogen er eit vilkår for danninga og har understreka det viktige i å opne seg for andres måte å forstå på, andres måte å leve sine liv på. Men eg vil på ingen måte setje det å vere open absolutt. Om ein er open i begge endar, vil lite sitje att. Noko danning er det i alle høve ikkje tale om.»

Viktig poeng: halde oppe skiljet sant – falskt

Elles vert ytringane BULLSHIT
(Hellesnes: sutleprat, gråglye)

Harry G. Frankfurt: *On Bullshit* (2005), no. utg. 2008

# TRE VEGAR INN MOT DANNING

I. Inge Eidsvåg
II. Sogn og Fjordane fylkeskommune
III. Gert Biesta

Fem fundament for danning (Inge Eidsvåg)

- *Kjenn deg selv* = sjølvrefleksjon (gjennom møte med tekstar, bilde, film, menneske)
- *Lær å leve sammen med andre mennesker* = vere del av fellesskap, utvikle empati og respekt for dei som er annleis
- *Lær verden å kjenne – og tro at du kan forandre den* = sjølvtru, medvit om eigne ressursar
- *Ta ansvar for fellesskapet – og framtida* = handlingsevne og – ansvar
- *Reflekter over vår egen og samfunnets utvikling* = utvikle innsikt, kritisk vurdering og dømmekraft (jfr Hellesnes: danning og tilpassing)

«Danning er eit mangfaldig omgrep, med fleire dimensjonar: **individretta** (utvikling av dømmekraft og refleksjon), **medborgarperspektiv** (vere aktiv deltakar i samfunnsliv) og **kulturelt /sosialt** (meistre mangfald og kompleksitet i møte med andre menneske og uttrykk)»

(*God, betre, best.* Strategiplan for opplæring Sogn og Fjordane)

Meir konkret kan samfunnsdanninga med mål om å skape myndige menneske identifiserast som:

- å tileigne oss og beherske det kulturgitte
- å ha evne til å overskride og vurdere kritisk det vi møter
- å ha evne til å takle og respektere ulikskap og kompleksitet

(*God, betre, best.* Strategiplan for opplæring Sogn og Fjordane)

# Danningstrekanten
etter Gert Biesta



*Kvalifisering*: kunnskapar, ferdigheiter, verdiar, dømmekraft. *Handlingsdimensjon – praktisk nytte.* Reiskapsfaget norsk

*Sosialisering:* bli del av eksisterande tradisjonar, handle- og veremåtar. Bli del av eit samfunn, oppleve seg sjølv som del av eit større heile. *Samfunnsdimensjonen - fellesskapet*

*Subjektivering*: sjølvstende, fridom, ansvar, myndig. Eit fritt handlande menneske. *Ein kritisk og reflekterande dimensjon.*

DEN FAGLEGE FORNYINGA

- Relevant innhald
- Tydelege prioriteringar – «det mest sentrale i faget»
- Progresjon
- Samanheng i læreplanverket: mellom generell del og faga, og mellom fag

**DJUPNELÆRING**

- må drøftast i samanheng med andre omgrep, først og fremst:

**FAGET SINE BYGGJESTEINAR / KJERNEELEMENTA I FAGET:**

«det mest betydningsfulle faglige innholdet» (Stm, s.34,)

= sentrale omgrep, metodar, tenkjemåtar, omgrep, kunnskapsområde og uttrykksformer i eit fag (s.st.)

«Fagene har sine egne formål som skolefag og skal ikke reflektere den samme bredden som vitenskapsfagene (s. 36)

I *Framtidas norskfag* (2006) vert omgrepet «det kjernefaglege» nytta, og det vert peika på tre måtar å forstå omgrepet på

- som målbare dugleikar og kunnskapar
- som sentralstoff som alle må ha opplæring i
- som perspektiv, metode: måten vi les tekstar på

Sentrale spørsmål:

Kva faglege emne høver for djupnelæring (bør få fordjuping)?
Skal emna festast i læreplanane for fag – eller vere til val for lærar/skule?

Ein veg inn mot val av tekstar/ tema:

Wolfgang Klafkis didaktiske omgrep.

- Epoketypiske problem

- Eksemplariske tekstar
- Tekstar skal ha notidsverdi
- Tekstar skal ha framtidsverdi

**Kategorial danning:**

- skape dialogiske møte mellom eleven og lærestoffet. Eleven forstår samfunnet ved å tileigne seg kunnskap gjennom kategoriar

  (= grunnleggande omgrep)

- «Bare det lærestoffet som er representativt for grunnleggende saksforhold og problemer, kan gjøre krav på å få en sentral plass i læreplanen. Kategorial dannelse er hovedbegrepet til Klafki. Ifølge Klafki blir denne kategoriale dannelsen kriteriet på kvalitet i utdannelse; at et betydningsfullt innhold av allmenn karakter (…) åpner seg og vinner frem som opplevd og erfart innsikt i elevens subjektive verden. Det som er avgjørende er at eleven på en levende måte blir i stand til å relatere lærestoffet til sin egen oppgave- og spørsmålshorisont. (Dale, 2001,13)

«Det er et poeng hos Klafki at man ikke kan lære alt innenfor utdanningssystemet, og at det heller ikke er mengden av kunnskap som er det viktige i dannings-prosessen. Det blir derimot viktig å velge ut allmenngyldige kunnskaper som tilbyr mulighet for å skape strukturer og prinsipper med overføringverdi. Klafki kaller dette *eksemplarisk* undervisning og læring. Gjennom utvalgte eksempler kan den grunnleggende kunnskapen i fagområdet komme til syne.

(…)

Klafki snakker om *dobbel åpning*. Barnet åpner seg for verden og verden åpner seg for barnet gjennom den forståelsen barnet får. Og forståelsen har sammenheng med å sette noe på begrep eller ordne erfaringer i kategorier.»

(Laila Aase og Gun Hägerfelth i *Den nordiske skolen – fins den?* (2012)

I arbeidet med fagfornying: ikkje berre snakk om kva for emne / tekstar, men også korleis lese dei.

Fire faglege erfaringar:

- Språkhistorie, gymnaset 1970-åra
- Nykritisk nærlesing, 1980-1990-åra
- Retorikk, 2000-talet
- Filmkunnskap/ - analyse

Lesing av skjønnlitteratur i norskfaget i dag: ei vending mot verda, mot innhaldet meir enn mot form.

Litteraturen som empati-teknologi

Inger Elisabeth Hansen

# LITE MINNEDIKT.

TILEGNET LINDEPRAKTBILLEN, LAMPRODILA RUTILANS SOM STÅR PÅ RØDLISTA

Lindepraktbille, Lamprodila Rutilans
hvem får huske navnet ditt

hvem får bruke lindetreet
når profitten har tatt sitt

ikke vi, lille bille,

når du din glans har tapt,
er vi det hvorav ingenting er skapt

Lille bille, når du tikker ut av lindetreets sjel:
tred oss ikke med din jernskodde hæl

.

LITTERATURLISTE

Biesta, G. J.J. (2014). *Utdanningens vidunderlige risiko*. Oslo: Fagbokforlaget.

Dale, E L. (2001). *Om utdanning. Klassiske tekster*. Oslo: Universitetsforlaget.

Eide, O. (2008). «Kva er tidhøveleg kunnskap – no? Om danning i norskfaget av 2006», i Arneberg og Briseid (red) *Fag og danning – mellom individ og fellesskap.* Oslo: Fagbokforlaget.

Eide, O. (2016). «Norsk munnleg i nærlys og perspektiv» i *Norsklæraren* 2/2016. Oslo: Landslaget for norskundervisning.

Eidsvåg, I (2002). ««Det finnes ingen kongevei til geometrien.» Refleksjoner om informasjon, kunnskap, klokskap og dannelse.», i P.C. Kjerschow *Makt og avmakt.* Lillehammer: Nansenskolen

Hellesnes, J. (1975). *Sosialisering og teknokrati*. Oslo: Gyldendal.

Hellesnes, J. (2002): *Grunnane.* Oslo: Universitetsforlaget.

Hellesnes, J (2005) «Om å motverke destruksjonen av danninga» i Aasen og Nome: *Det nye norskfaget.* Oslo: Fagbokforlaget/LNU.

Hellesnes, J. (2012). «Er danning framleis muleg?», føredrag på konferansen «Danning, samfunn og skule», Firda vidaregåande skule 20.11. 2012. (uprenta manus).

Klafki, W. (1959/2001). «Kategorial dannelse», i Dale 2001, s. 167–203.

Klafki, W. (2005). *Dannelsesteori og didaktikk – nye studier*. 2. udgave, 2. oplag, Århus: Forlaget Klim.

Kunnskapsdepartementet. (2015). *NOU 2015:8. Fremtidens skole. Fornyelse av fag og kompetanser.* Oslo.

Kunnskapsdepartementet. (2016). *Stortingsmelding 28 (2015–2016) Fag-Fordypning-Forståelse,* Oslo.

Sogn og Fjordane fylkeskommune. (2010). *God-betre-best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.* https://img4.custompublish.com/getfile.php/2956709.2344.acbtxsqawv/120502God-betre-best_TRYKK_korrekt.pdf?return=sfjfk.custompublish.com

Utdanningsdirektoratet (2006). *Framtidas norskfag. Språk og kultur i eit fleirkulturelt samfunn*. Oslo.

Utdanningsdirektoratet. (2013). *Læreplan i norsk*. Henta 07.11.2016 frå: http://www.udir.no/kl06/NOR1-05

Aase, L. og G. Hägerfelth /2012). «Dannelse/bildning i et skandinavisk perspektiv», i Elf, N.F. og P. Kaspersen (red) *Den nordiske skolen – fins den?* Oslo: Novus forlag

Aasen, A. J. og Nome, S. (red). (2005). *Det nye norskfaget*. Bergen: Fagbokforlaget/Landslaget for norskundervisning.